



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato  
16.10.2017  
Dykkar dato  
25.08.2017

Vår referanse  
2017/10643 421.4  
Dykkar referanse

Buskerud fylkeskommune  
Postboks 3563  
3007 DRAMMEN

### Uttale til planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda

Vi viser til brev av 25.08.2017, dykkar ref. 2017/2653, med uttalefrist 15.10.2017.

Saka gjeld oppstart av rullering av Regional plan for Hardangervidda 2019-2035, og høyring av planprogram. Fylkesmannen i Hordaland vurderer planarbeidet ut frå nasjonale interesser, primært i Hordaland fylke.

Eit viktig grunnlag for rulleringa vil vere å evaluere den gjeldande planen. Prosjektorganisasjonen bør vurdere om det er tenleg at eksterne gjennomfører evalueringa. Sidan planarbeidet omfattar tre fylke, trur vi eksterne kan gjere det enklare å få til ei heilskapleg og vitskapleg evaluering.

Fylkesmannen erfarer at det har vore viktig og nyttig å ha ein regional plan for å heimle uttaler frå statleg hold. Vi vil legge stor vekt på at rulleringa tek opp i seg nasjonale føringar. Det har vore utfordringar i praktiseringa av planen, særleg knytt til plan- og bygningslova. Planen må bli meir bindande og forpliktande for kommunane og private aktørar. Vi meiner difor at det må utarbeidast eit arealplankart med tilhøyrande føresegner om bruk og vern av areala.

Norsk Villreinsenter Sør på Skinnarbu samla inn brei dokumentasjon som grunnlag for gjeldande plan. I den grad kunnskapsgrunnlaget har endra seg, har presset blitt større for ivaretaking av villreininteressene. Den seinare tid har det vore utbrot av skrantesjuka i Nordfjella, aukande turisme og fleire konkrete utbyggingsplanar for mellom anna Rv 7 og alpinresort. Fylkesmannen vil difor framheve at konteksten for planarbeidet i hovudsak er villrein- og ikkje næringsinteresser. Det skal tunge, faglege grunnar til for å kunne opne meir opp for høgare næringsmessig utnytting.

Det må leggjast vekt på å skildre rammer og ikkje berre moglegheiter, ved vurdering av dei tematiske problemstillingane som er lista opp. Vi rår til at planarbeidet fokuserer på bruk, og ikkje bygningar. Differensiert arealforvaltning av bygg til utmarksnærings må ikkje gå ut over reglane i plan- og bygningslova. Vi legg til grunn at «nærings» i planen gjeld småskala nærings i samsvar med arealføremålet LNF, jf. pbl. § 11-7 andre ledd nr. 5a i plan- og bygningslova.

Vi kan ikkje sjå at omsynet til villrein eller omsyna elles i planen gjev grunnlag for anna. Fylkesmannen finn elles at planprogrammet syner tenlege emne for nærare utgreiingar.

Det er fire konkrete område i Hordaland som skal vurderast nærare i planprosessen:

#### *Valldalen*

Planarbeidet vil vurdere å endre heile eller delar av Valldalen frå sone B (nasjonalt villreinområde) til sone D (stølsdal og annan utmark). I Valldalen er det eit visst press på å få utvikla eksisterande stølar. Fylkesmannen har vurdert fleire saker i området etter mellom anna forskrift om Hardangervidda nasjonalpark og vassressurslova. For det vidare planarbeidet rår vi til å sjå nærare på Olje- og energidepartementet sitt avslag på søknader til bygging av vasskraftverk i Valldalen av 15.08.2017. Her er det skildra kunnskap om landskap, friluftsliv, villrein og terrestrisk miljø som kan nyttast i planarbeidet. Fylkesmannen viser igjen til vår generelle merknad om at ein ikkje må opne for tiltak som går utover LNF-føremålet. Vi legg elles til grunn at det er dalbotn i Valldalen som skal greiast ut nærare.

#### *Skjeggedal og Trolltunga*

Turløypa til Trolltunga frå Mogeli ligg i plangrensa for gjeldande regional plan. Det kan vere tenleg å få vurdert nasjonalt villreinområde i samband med turismen inn til Trolltunga. Fylkesmannen meiner turistane som følgjer kraftlina inn til Trolltunga har liten innverknad for villreinbestanden. Ein auke i ferdsel til Trolltunga frå aust vil derimot vere negativt. Det har tidlegare vore ønskje frå turlag å få oppført ei overnattingshytte ved Trolltunga. Dersom Skjeggedal og Trolltunga er innlemma i regional plan for nærare utgreiing med det føremål å få legitimitet for å etablere ei slik hytte, er Fylkesmannen kritisk til dette. Ei turishytte her vil venteleg auke ferdsla i nasjonalparken tettare på kjerneområdet til villreinen.

#### *Skjeggedal - Orravatna - Reinsnos*

Planarbeidet vil vurdere tilrettelegging for enkelt friluftsliv på strekninga. Konsekvensar av auka ferdsel i området for villreinbestanden må i så fall greiast nøye ut. Kva som ligg i omgrepet tilrettelegging må avklarast. Terrenginngrep og oppføring av faste installasjonar kan etter vårt syn vere konfliktfullt, basert på eksisterande kunnskap.

#### *Sysendalen*

Det er stor aktivitet og utbygging i Sysendalen. Dei seinaste åra er det vedteke fleire omfattande reguleringsplanar for fritidsbustader. Hovudområdet ligg i sone G (reiseliv) i gjeldande regionalplan. Eidfjord kommune arbeider med kommunedelplan for Sysendalen og reguleringsplan for Eidfjord resort som bryt med føringane i gjeldande regional plan og sone C (fjell og annan utmark). Fylkesmannen har fremja motsegner til planane, i hovudsak av omsyn til føringane i den regionale planen. Skal den regionale planen endrast i Sysendalen for å legge til rette for utvikling av ein alpindestinasjon, må det settast av tilstrekkeleg tid og ressursar til omfattande kartlegging og analyser av verknader for villrein og naturmangfald generelt. Ut i frå våre vurderingar av prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 rår vi i frå at regional plan går vidare med alpindestinasjon som eit av utgreiingstema.

For å sikre god framdrift i planprosessen stiller Fylkesmannen gjerne på møter saman med prosjektorganisasjonen for å avklare vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Fylkesmannen i Telemark	Statens hus	3708	Skien
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	Odda
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	Kinsarvik